

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 10.02.2011

SAKLISTE

- 001/11 DELEGASJONSSAKER
- 002/11 SKRIV OG MELDINGAR
- 003/11 ÅRSMELDING 2010 FOR KONTROLLUTVALET. GODKJENNING
- 005/11 DELEGASJONSREGLEMENT FOR GULEN KOMMUNE - ÅRLEG RULLERING
- 006/11 GBNR.117/1 OPPERDAL INDRE. GRENSE MOT HORDALAND FYLKE OG HØYANGER KOMMUNE
- 007/11 GEODATAPLAN HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE 2011-2014
- 008/11 GBNR. 95/23 BYRKNES. GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR DYRNAPPEN HYTTEFELT
- 009/11 GNR. 23 FLOLID. GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR TUSENÅRSSTADEN GULATINGET ETTER KLAGE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 13.00.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i Ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordfører

Lys i husa – folk i bygda

No skal eg ta opp eit følsamt tema; nemleg det å selje ein familiegard eller eigedom. Det er ein del småbruk som er fråflytta, og som er eigd av folk som bur andre stader. Mange nyttar heimegarden som hytte og feriestad og held eigedomen godt i stand. Jorda kan vere utleigd til eit nabobruk, medan nokre bruk står til forfall. Bu- og driveplikta er meint å regulere at desse eigedomane skal vere både busette og i drift. Men det er relativt mange måtar å omgå konsesjonslovene på. Og det vert gjort.

Det kan vere eit samvitsspørsmål for somme å selje den garden som foreldre og slekt har lagt mykje arbeid ned i. Eg vil at de skal tenkje over korleis de best hedrar tidlegare eigarar. Er det ved at bruket er i drift og bebudd, eller er det ved at det står tomt store deler av året?

For andre er det eit økonomisk spørsmål. Konsesjonslovene kan gjere at ved å selje eit

bruk så får ein gjerne ikkje nok pengar for det til å kjøpe ny leilegheit. Grunnen til landbrukstakst er at bruk ikkje skal bli så dyre at berre "rikingar" har råd til å kjøpe, men at bruket framleis kan drivast som landbrukseigedom. Det kan såleis vere liten økonomisk motivasjon for å selje.

Det blir hevda at det er mange som ønskjer å kjøpe småbruk. Frå tid til anna får ordføraren spørsmål frå folk som lurar på om det finst noko til sals her. Eg kan ikkje seie at det er lange køar, men at det er ei viss interesse, er heilt sikkert.

Gulen treng fleire innbyggjarar. Småbruk kan vere det som skal til for at nokon vel å busette seg i kommunen.

Derfor er dette meint som eit spørsmål til dykk som er eigarar, eller som kjenner nokon som er det; Skulle du tenkje sal i staden for å bruke garden som hytte? Eg vil tru at det er politisk vilje til å få delt ei hyttetomt på mange av desse aktuelle bruka, slik at ein kan halde fast på tilknyttinga til heimstaden.

Eg vil ikkje at dette skal bli oppfatta som ein moralsk peikefinger til dei som eig noko utan å bu der. Men det er heilt klart at eg ønskjer å problematisere at gardsbruk blir tilgrodd og gode buplassar omgjort frå fast busetnad til hytter. Og så håpar eg at dette innlegget kan føre til diskusjon rundt frukostbordet i familiar det måtte gjelde.



Ordfører Trude Brosvik

Kunngjering - budsjett 2011 og økonomiplan 2011-2014

Budsjett for Gulen kommune 2011 og økonomiplan 2011–2014 vart vedteke 16.12.10, i K.sak 60/10. Forskrift for kommunale gebyr og avgifter m.m. for 2011 vart vedteke same dato. Du finn detaljinformasjon på www.gulen.kommune.no.

Pårørandeskule - demens

For pårørende til personar med demenssjukdom.

Prosjektet "Pårørandeskule i Gulen kommune" har vorte gjennomført i tida 7. september – 23. november 2010.

Pårørandeskule er eit kurstillbod til pårørende som har personar med demens i familien, eller personar som har nære vener med ein demenssjukdom.



Nokre av deltakarane på pårørandeskulen

Målet med pårørandeskulen er å:

- Å få ei auka kunnskap om demenssjukdommar.
- Å auke forståinga for kommunikasjon og samhandling, og dermed auke kvaliteten i samværet med personar som har demens.
- Å auke kjennskapen til rettar, aktuelle lover og hjelpeapparatet.
- Å få og gi støtte ved å møte andre personar i same situasjon.

Kurset har gått over seks kveldar med omlag to veker mellomrom. Ein kurskveld er på to timar, med omlag ein time førelesing om eit emne, ein liten pause med forfriskingar, før deltakarane samtalar vidare om emnet i grupper. Informasjon om demenssjukdommar, kommunikasjon og samvær/samhandling, sorg- og tapsreaksjonar, hjelpemidlar, praktiske råd og tips i kvardagen, juridiske rettar og møte med hjelpeapparatet er tema som har vore teke opp. Meininga er at deltakarane skal få høve til å reflektere over emna og diskutere dei med andre i same situasjon.

Om ønskjeleg vil vi gjerne forlengje dette fellesskapet med pårørandemøte, samtalegrupper eller anna, i etterkant.

Nasjonalforeningen for Folkehelsen, ved Petra Hjartholm, leiar i Brekke Helselag, har arrangert pårørandeskulen i lag med demensteamet i Gulen kommune. Nasjonalforeningen har stått for finansiering, kursmateriell, servering, og info om deira tilbod/arbeid innafør demensomsorg.

Avdelingssjukepleiar ved demensavdelinga på sjukeheimen, Vivian Våge, har vore med på alle kurskveldane og delteke som samtalegruppeleiar. I tillegg til Vivian og demensteamet (Miek Norman og Oddny Trædal), har førelesarane vore kommunen sine eigne tilsette fagfolk: kommunelege Tommy Norman, rådgivar omsorg Ingebjørg Søreide, rådgivar NAV Wenche Midthun og ergoterapeutane Wenche Leite og Bjørg Nordgulen.

Det var pårørende som demensteamet har vore i kontakt med, samt pårørende til pasientar på Demensavdelinga i det aktuelle tidsrom, som i denne omgang fekk invitasjon til Pårørandeskule. I alt var det 16 deltakarar. Dette er eit tilbod som må gjentakast, og då gjerne til alle interesserte, eller som er pårørende til personar med demens.

Kommunen stiller med gratis lokale, og denne gongen har vi halde til på Dalsøyra skule. Ei takk til tilsette der, som har stilt med klasserom, kjøkken og tilrettelegging av teknisk utstyr. Takk, også til alle som straks sa seg villige til å vere førelesarar, innanfor sitt fagfelt, på kveldstid.



Arrangørane, frå venstre: Petra Hjartholm, Miek Norman, Oddny Trædal og Vivian Våge

Det vert Lokal UKM i Gulen 2011!



Tid: Fredag 11. februar kl. 18.00
Stad: Dalsøyra skule

Alle som vil melde seg på med song, musikk, video, foto, dans, teater, standup, kunst, teikning, maling, vevnad, mat, syng, strikking, sokkadans -kva som helst!!

Meld dykk på her: www.ukm.no

Påmeldingsfrist 31. januar 2011

Kunstnarstipend på kr 3 000,- vert utdelt til årets kunstnarlege talent.

Vinnaren av Lokal UKM i Gulen får ein iPod!
Alle deltakarar får diplom.

Kulturkonsulent Anne-Karin Misje

Barnehage, SFO og musikk- og kulturskulen frå hausten 2011

Gulen kommune har barnehagetilbod på følgjande stadar:
Brekke, Byrknes, Dalsøyra/Eidsbotn, Eivindvik/Haveland.

Private barnehagar:
Lovisendal barnehage i Brekke og Sande barnehage på Ånneland.

Frå 15. august er det ledige plassar ved alle barnehagane.

Alle skulane (Brekke, Byrknes, Dalsøyra, Eivindvik) har tilbod om SFO.

Musikk- og kulturskulen gir tilbod i alle skulekrinsane.

Praktiske opplysningar:
Søknader om plass i barnehage og SFO må leverast elektronisk. Sjå Gulen kommune si heimeside for meir informasjon.

Dersom du vil ha utvida plass i barnehage, endring av dagar osv. må det leverast søknad om endring. Det må søkjast på nytt om plass i SFO og musikkskule kvart år.

Søknadsskjema for musikkskulen finn du på Gulen kommune si heimeside, eller du kan ta kontakt med rektor Inger Marie H. Tynning, e-post: komusikk@online.no.
Søknad om plass i musikk- og kulturskulen skal sendast til:
Gulen musikk- og kulturskule, 5961 Brekke.

Søknadsfrist er 1. april for hovudopptak til alle tilboda.

Bekymra og i tvil om kva du skal gjere? Snakk med KLAFF!

Har du bekymringar om ein eller fleire born si åtferd eller velferd – dine egne eller andre – som du synes det kan være godt å drøfte med fagfolk? Då kan du møte oss i KLAFF til ei samtale.



KLAFF er ei uformell tverrfagleg gruppe bestående av PPT, Helsesøster og Barnevernstenesta, der du – forelder, nabo, fritidsleiar eller lærar - gjerne anonymt og uforpliktande kan ta opp bekymringar for born du kjenner til. Nedanfor står datoar for våren 2011. Utover dette har KLAFF møte ved behov. Vi er tilgjengelege om det er noko du har lyst til å drøfte med oss. Ring helsesøster Hennie Lefdal (tlf. 979 75 760) for å be om ein avtale eller om du vil møtast på ein av skulane, ring henne seinast to veker før møtedato for å seie at du har noko å ta opp.

Møtedatoar for KLAFF våren 2011:

8. februar: Dalsøyra skule kl. 12.00 – 13.30

7. mars: Eivindvik skule kl. 12.00 – 13.30

28. mars: Brekke barnehage og skule
kl. 13.00 – 14.30

7. april: Byrknes barnehage og skule
kl. 10.00 – 11.30

Resultat frå jakta 2010

Nedanfor ser du ei oversikt over resultatet frå jakta 2010. I tillegg syner tabellen resultat frå tidlegare år.

År	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004
Tildelt totalt	710	638	603	516	481	454	448
Felt hannkalv	69	64	59	44	40	42	43
Felt hokalv	69	53	51	50	37	38	30
Felt hann 1,5 år	87	99	103	84	62	69	58
Felt ho 1,5 år	110	86	99	81	74	68	73
Felt hann eldre	144	122	100	94	89	83	77
Felt ho eldre	149	142	130	113	80	90	92
Felt totalt	628	566	542	466	382	390	373
Fellingsprosent	88,45	88,71	89,88	90,31	79,42	85,9	83,26

Kommunal koordinator

For alle henvendingar som gjeld re-/ og habilitering, og individuell plan - ta kontakt med:

Wenche Leite
Kommunal koordinator

Kontor: Gulen Sjukeheim, kontorfløy 2. etg.
Tlf: 57 78 16 88
Mob: 970 09 445

Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten er planlagt utsendt **5. april**. Tips og innspel kan sendast til postmottak@gulen.kommune.no

Dette skjer i kyrkja

6. februar kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje.



13. februar kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje.

20. februar kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje.

27. februar kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje.

6. mars kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

13. mars kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje.

20. mars kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje.

27. mars kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

3. april kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje.

Biskop em. Ole D. Hagesæther til Gulen

Vi minner om at biskop em. Ole D. Hagesæther kjem til Bålen samfunnshus 17. februar og 17. mars kl. 19.45 og deltek på temakveldar. Han deltek også på gudstenesta i Brekke 20. feb.

Alle tenåringsforeldre: Sjå her!

Temakveld: Vaksenrolla – vaksne som ser!

Som tenåringsforeldre møter ein mange utfordringar, ikkje minst i samband med grensesetting. Det tverfaglege teamet i Gulen kommune inviterer til ein temakveld om vaksenrolla som tenåringsforeldre på Dalsøyra samfunnshus **torsdag 7. april kl. 18.30 – 21.00**. Vi får med oss ein av Noregs førande underviser og inspirator på dette feltet, spesialpedagog **Oddvar Bjørnestad** som i mange år har jobbet med born og unge.

Rektor ved Stanghelle skule, Mons Stannes skriv om Oddvar Bjørnestad:

"Eg har hatt æra og gleda av å verta kjent med Oddvar både i jobbsamheng og i meir private samlingar. Når eg tenkjer på han dukkar det opp ord som fyrverkeri, engasjert, fagleg dyktig, mykje erfaring, folkeleg og humørspreiar fremst i minnet.

I profesjonell samheng har eg hyrt han inn som førelesar for rektorar og samtlege foreldre i kommunen vår til å førelesa om vaksenrollen. Etter eit av hans føredrag lanserte me slagordet "Våg å vera vaksen i Vaksdal".



*Kunst, mat og husflidsmesse
på Oppdalsøyra 16. og 17.
april. Meld deg på innan 1.
mars til: Henrikka Hantveit.
577 83 441 eller Liv Marit
Kjelby: 577 83 455*